



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref	Vår ref	Dato
	15/2973-	29.06.2015

Belønningsordninga - Bergen - Signering av nye avtale 2015-2018

Vi viser til mottoken søknad frå Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune datert 26.11.2014 og 20.03.2015 om ny avtale for perioden 2015 -2018 innanfor *Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*, samt søknad om auka økonomisk ramme for 2015 datert 27.4.2015.

Føremålet med Belønningsordninga er å stimulere til betre framkome, miljø og helse i storbyområda ved å dempe veksten i behovet for motorisert transport, og auke talet på reiser i kollektivtransport.

Samferdselsdepartementet tilbyr nå Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune ny belønningsavtale for perioden 2015 til 2018, sjå vedlegg.

Målsettinga i avtalen er, som i søknaden, nullvekst i personbiltransporten i Bergen kommune i perioden 2015-2018. Det er Bergen kommune som sjølv prioriterer og veljar virkemiddel for å oppnå avtalens mål.

Samferdselsdepartementet er kjend med at Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedtatt å innføre ei markant tidsdifferensiering av takstsystemet som en del av Bergensprogrammet med hovudformål om å regulere trafikk. Før ei slik takstendring kan leggast fram for Stortinget til godkjenning, må departementet gjere ei vurdering av forslaget.

Avtalen omfattar tilskot frå Belønningsordninga til Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune på 724 mill. kr fordelt på fire år. I 2015 er det 134 mill. kr, i tillegg til den ekstra satsinga på 50 mill. kr, altså totalt 184 mill. kr. I 2016 er det 140 mill. kr og 200 mill. kr kvart

av dei to siste åra. Utbetaling av midlane føreset resultat i tråd med avtalen.

Vi ber Hordaland fylkeskommune koordinere signeringen med Bergen kommune og returnere tre signerte eksemplar av avtalen til Samferdselsdepartementet.

Midla for 2015 (184 mill. kr) vert utbetalt kort tid etter at avtalen er signert av alle tre partar.

Med helsing

Anne-Lise Junge Jensen (e.f.)
avdelingsdirektør

Åse Nossum
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.

Vedlegg

Kopi til:
Vegdirektoratet

Adressliste

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN